

## Saksgangen ved klager på vedtak om tvangsmedisinering

Fylkesmannen i Vestland har endra på rutine for innmelding av klager på tvangsmedisineringsvedtak. Under følgjer ny rutine for saksgangen.

### 1) Avklar om pasienten vil ha advokat

Ved klage på vedtak om behandling med legemiddel utan eige samtykke, har pasienten rett til hjelp frå advokat dersom pasienten ønskjer det. Om pasienten ikkje har funne ein advokat sjølv, kan Kontrollkomisjonen gi informasjon om aktuelle advokatar.

### 2) Send dokumentasjon til advokaten

Helsetenesta må informere advokaten per telefon og sørge for at advokaten får naudsynt saksdokumentasjon. Vidare saksgang avklarast med advokaten (til dømes om det kjem eit skriftleg klageskriv eller støtteskriv og når).

### 3) Førsteinstansbehandling

Legen som er ansvarleg for vedtaket skal ta stilling til klaga og støtteskriv frå advokat, og journalføre om ho eller han gir medhald i klaga eller ikkje. Fylkesmannen behandlar ikkje saka før vedtaksansvarleg har tatt stilling til klaga og journalført konklusjonen.

### 4) Meld saka til Fylkesmannen

Viss vedtaksansvarleg held fast på vedtaket, skal klaga vidareformidlast til Fylkesmannen som er siste klageinstans. Kontakt Fylkesmannen på telefon **48 89 96 03** og oppgi namn og fødselsnummer til pasient, kontaktperson og telefonnummer til avdeling, samt namn og kontaktinformasjon til advokaten.

### 5) Send dokumentasjonen elektronisk til Fylkesmannen

Dokumentasjon for vidare behandling av klagesaka sender du deretter snarast mogeleg til Fylkesmannen ved hjelp av sikker elektronisk løysing. Vi treng:

- Klageskjema signert av pasienten og ei eventuell skriftleg klage frå pasient og/eller advokat
- Vedtak om behandling med legemiddel utan eige samtykke
- Vedtak om tvungent psykisk helsevern
- Kopi av pasientjournal for dei tre siste månadane
- Vedtaksansvarleg si vurdering av klaga og stadfesting av vedtaket

### 6) Elektronisk innsending av dokumentasjon

Enkelte institusjonar har eigne løysingar for sikker innsending av dokumentasjon, og det finst fleire måtar å gjere dette på.

Ei løysing er som følgjer:

- Gå inn på [www.fylkesmannen.no/vestland/](http://www.fylkesmannen.no/vestland/)
- Gå vidare til «Send sikker melding»
- Vel deretter «Melding frå bedrift/organisasjon til Fylkesmannen»
- Logg inn med elektronisk ID
- Fyll inn organisasjonsnummer og kontaktinformasjon til institusjon
- Dersom du har fått oppgitt eit saksnummer per telefon merkar du saka med dette, viss ikkje, let du rubrikken stå tom

- Skriv ei kort melding og last opp vedlegg
- Dokumenta må konverterast til PDF før dei kan lastast opp

### **7) Vi avtalar møte**

Når vi har fått dokumenta kontaktar vi avdelinga (og eventuell advokat) for å avtale møte. I kvart enkelt tilfelle vurderer vi om dette blir gjennomført per telefon, skype eller ved oppmøte på institusjon eller Statens Hus.

### **8) Saksbehandlingstid hos Fylkesmannen**

Frå vi har fått dokumenta har Fylkesmannen som mål å avgjere klagesaker frå innlagde pasientar innan 1-3 yrkedagar. Klagesaker frå pasientar som er under tvungent psykisk helsevern utan døgnopphald, har vi som mål å avgjere innan 14 yrkedagar. Hastesaker vil bli prioritert.